

Til
Moderniseringsdepartementet

Dykkar referanse:

Vår referanse:
046/05-550

Dato:
18. mars 2005

Høring om unntak frå konkurranselova for bokomsetning – bokavtalen

Noregs Mållag har følgd prosessen fram mot ny bokbransjeavtale med stor interesse. Vi har særskilt vore uroa over korleis ein skal handsama retten nynorskelevar har til nynorske lærebøker til same tid, pris og stad som bokmålsbøker. Denne retten er heimla i opplæringslova, og byggjer på prinsippet om jamstelling mellom dei to norske målformene. Ei endring av denne retten vil medføre eit dramatisk brot med norsk språkpolitikk.

I brev frå Forleggerforeningen og Bokhandlerforeningen som gjeld søknad om forskrift om unntak frå konkurranselova og overgangsordningar, står det følgjande om opplæringslova:

”Forholdet til opplæringslova

Det er i statsrådenes brev av 13. september d.å. minnet om kravet i opplæringslova § 9-4 om at lærebøker skal foreligge på bokmål og nynorsk på samme tid og til samme pris.

Opplæringslova § 9-4 er formulert slik at en skole ikke kan ta i bruk en lærebok med mindre denne foreligger til samme pris og tid på begge målformer. Det er således *skolen* som er pliktsubjekt etter bestemmelsen, ikke den som utgir eller selger lærebøkene.

På denne bakgrunn er bestemmelsen i opplæringslova § 9-4 foreløpig ikke reflektert i Bokavtalen.

Dersom den nye Bokavtalen eller andre utviklingstrekk i markedet skulle anses å gi grunn til endringer i opplæringslova eller øvrig regelverk på området, stiller foreningene seg i utgangspunktet positive til dette. Det antas at et eventuelt slikt arbeid vil måtte ta noe tid, og at dette i tilfelle må hensyntas på passende måte i forbindelse med vurderingen av overgangsreglens varighet.”

Noregs Mållag føreset at omsynet til nynorske lærebøker vert ordna juridisk før ein avtale vert godkjend. Det er altså ikkje tilstrekkeleg at ein set i verk ein avtale og i ettertid arbeider med å løysa grunnleggjande spørsmål om rettar for elevar med ulikt hovudmål. I den samanhengen vil Noregs Mållag særlege peike på desse momenta:

- Lik pris for nynorsk- og bokmålsbøker i grunnskulen

Noregs Mållag vil peika på at det må vera lik pris for skulebøker i grunnskulen, anten dei er på nynorsk eller bokmål. Om ikkje, vil det vera eit argument for somme til at skulen skal skifta opplæringsmål, jamvel om det ikkje finst språklege grunnar til det på staden.

Noregs Mållag er uviss på om dette omsynet kan sikrast opp mot anbudsreglane i EØS-avtalen. Vi bed departementet forvissa seg om at det ikkje medfører problem

Snakk dialekt – skriv nynorsk!

- Lik pris for nynorsk- og bokmålsbøker i den vidaregåande skulen

Som Moderniseringsdepartementet sjølv har uttala i pressmelding frå september 2004, skal kravet om parallellutgåver av skulebøker til same tid og pris stå fast. Det er likevel uklårt korleis retten skal realiserast under ein ny bokavtale. Noregs Mållag får attendemeldingar frå bokhandlarar som varslar at dei tvilar på at dei kan halda same pris for nynorskbøker som for bokmålsbøker i den vidaregåande skulen. Det er avgjerande at departementet sikrar kravet om språklege parallellutgåver gjennom forskrift eller lov overfor forlaga.

- Skaffeplikt på skulebøker

Bransjeorganisasjonane tolkar det nye avtaleutkastet slik at det ikkje lenger kan vera skaffeplikt for skulebøker. Dersom det er tilfellet, kan bokhandlarar med eit fåtal nynorskelevar i distriktet sitt la vera å ta inn nynorskbøker i det heile, noko som vil gjera tilgangen vanskeleg. Det er uakseptabelt. Departementet må sikra den reelle retten for skuleelevar til å få tak i skulebøker på eige hovudmål, utan at dei risikerer at det tek lengre tid enn å få bokmålsbøkene.

- Lik pris i sentrale strok og i distrikta

Noregs Mållag er uroa for at skulebokprisane i distrikta vil bli høgare enn i sentrale strok, ut frå tanken om at transportkostnader m.m. ikkje lenger treng å fordelast på heile opplaget. Det vil i tilfelle ramma stort sett alle nynorskelevar – med tanke på den geografiske utbreiinga nynorsken har. Departementet må finna ordningar som held fast ved prinsippet om lik rett til utdanning og gratis utdanning i Noreg, i alle fall slik at det ikkje skal vera dyrare å vera skuleelev i distriktsnoreg.

- Presisere rettssubjektet for oppfølging av parallellitetskravet

Noregs Mållag har til no retta alle spørsmål som gjeld oppfølging av parallellitetskravet til skuleeigar, altså til fylkeskommunen. Vil ansvaret for at lova vert følgt også i framtida liggja her? Mållaget bed departementet om å avklara dette spørsmålet. Særskilt når saksfeltet kan sjå ut til å verta meir komplisert, er det viktig at ansvaret er klart plassert og mest mogleg samla for ei eintydig lovforståing.

Noregs Mållag ser på desse momenta som avgjerande for at den språklege jamstillinga skal vera reell. Vi vil følgja nøye med i den vidare saksgangen.

For Noregs Mållag
venleg helsing

Endre Brunstad
leiar

Gro Morken Endresen
Dagleg leiar

Snakk dialekt – skriv nynorsk!